



Ingeniør Atle D. Utkilen

Referanser:

Dykkar: Ingjerd Haugen

Vår: 15/488 - 15/21172

Saksbehandlar:

Anne-Lise Næs Olsen

anne.lise.olsen@meland.kommune.no

25.11.2015

Ang. kunnngjering mm. - Endring av detaljregulering for del av Bustadplan for Mjåtveitmarka

Me viser til telefonsamtale og til annonse som de har utarbeidd for del av Måtveitmarka, og som me mottok 24.11.15. Me har sett gjennom forslaget dykkar til kunnngjering.

Før kunnngjering lyt me fastsetje endeleg plangrense for endringa, og me viser til vår e-post av 18.8.15. Forslag til plangrense lyt sendast inn i SOSI og pdf. Kommunen gjer så ei nærare vurdering for å fastsette endeleg plangrense når me har fått sett på forslaget også i SOSI-format.

Me har nokre merknadar til plangrensa allereie no. Plangrensa lyt truleg utvidast i nordvest slik at den kan omfatte omlegging av snuhammar. Dette fordi opparbeidd veg er trekt noko lenger vest enn den opphavlege reguleringsplanen syner, og då det truleg ikkje vil verte plass til snuhammar slik den opphavleg er planlagt. Vegen er truleg flytta for ikkje å kome i konflikt med eksisterande eigedommar i området. Plangrensa lyt vidare utvidast slik at nødvendig areal til anna veggrunn vert inkludert i planendring, og det er naturleg at plangrensa i stor grad fylgjer eigedomsgrensene på begge sider av vegen. Planengrensa lyt utvidast i nord til å omfatte tilkomstveg til og med til nordvestre grensepunkt for eigedom 22/100. Utover dette så lyt plangrena fylgje eksisterande grenselinjer så godt som mogeleg og i så rette linjer som mogeleg. Det er viktig at plangrensa vert så romsleg at nødvendige tiltak kjem innafør denne.

Når det gjeld sjølve kunnngjeringsteksten så har me føreslege nokre små korreksjonar, sjå vedlegg. Annonse vert å offentleggjere i BT og i ei lokalavis med fulldistribusjon, og varslinga skal gå over min. 6 veker. For særskildt varsling kan naboliste bestillast hos oppmålingskontoret i kommunen. For regionale instansar som lyt varslast, sjå vedlegg.

Dersom du har vidare spørsmål i saka, kontakt Fagansvarleg Plan Anne-Lise Næs Olsen.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen
Fagansvarleg Plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kunngjering_oppstart_plan_annonse
Offisielle høringsinstanser (Hordaland) - oppdatert 2015

Mottakere:

Ingeniør Atle D. Utkilen